

Instruks for bruken av ~~namn~~ namnelappane over tidlegare abonnentar. Denne instruksen skal følgje med lappane heile vegen.

Kammeratar:

På dei lappane de får her, står namnet på folk som har abonnert på avisa, men som har slutta. Dei fleste har ikkje fornya den 1/7 eller 1/10, men det er og ein del som har teikna abonnement, men som aldri har betalt.

Desse namna skal vere ein hjelp i abonnementsvervinga i KK-kampanjen. Dei skal oppsøkjast, og teiknast som nye abonnentar. (Bruk verveskema).

NBNBNB: Du skal ikkje seie at du veit dei har abonnert tidlegare.

~~ksa~~ skal behandle dei nett som du gjer med alle andre folk du kjem på besøk til, og tilby abonnement eller sal av avisa. Dersom du i løpet av samtalen får greie på at dei har abonnert tidlegare, så merk deg dei argumenta dei har mot å abonnere vidare, og nytt deg av dei til å utvikle den politiske argumentasjonen ~~vidare~~ i det vidare abonnementsvervingsarbeidet. Det er viktig at du rapporterer slike diskusjonar til oss, slik at vi kan bruke dine røynsler i t.d. kampanjestoffet i KK.

Desse namna vonar vi vil vere ei viktig støtte for deg i vervingsarbeidet. Bruk dei. Lukke til.

Kampanjeleiinga.